



Håvard Dyrkolbotn
Stranda 480
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/401 - 17/14591

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.05.2017

Utsleppsløyve - gbnr 16/17 Askeland nordre

Administrativt vedtak. Saknr: 228/17

Tiltakshavar: Håvard Dyrkolbotn
Ansvarleg søkjer: Øksnes Anlegg AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Det er søkt om utsleppsløyve i samband med søknad om oppføring av einebustad på gbnr 16/17 Askeland nordre. Det er oppgitt i søknaden at utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før utsleppet vert ført til elv/bekk. Utsleppet sin storleik er opplyst til 6 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 07.04.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med spreidd bustadbygging. Utsleppet skal førast i tett leidning til elv/bekk på nabotomta som ligg i område avsett til LNF-føremål. Framføring av leidningen over LNF-område vert vurdert til ikkje å vera i strid med arealføremålet , jf skriv frå Kommunal og moderniseringsdepartementet datert 10.06.2015.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla saman med søknad om byggjeløyve for oppføring av bustad på tomta. Nabovarslinga er vurdert tilstrekkeleg for handsaming av søknaden om utsleppsløyve. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering



Plassering av anlegget går fram av situasjonskart datert 01.03.2017.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser , jf forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget. Serviceavtale ligg ikkje føre.

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og førast i tett leidning til bekk på gbnr 17/3. Det er ikkje dokumentert rett til å leggja leidningar på privat eigedom.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området. Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med etterpolering før utsleppet vert ført i tett leidning til elv/bekk.

Plassering av anlegg vert godkjend i samsvar med kart datert 01.03.2017.

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Godkjenning etter andre lovverk

Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova. Avlaupsanlegget vert handsama som del av søknaden om oppføring av bustad. Før byggjeløyve kan gjevast må det dokumenterast rett til å føra utsleppet frå reinseanlegget i tett leidning til elv/bekk på gbnr 17/3 og liggja føre serviceavtale for drift og vedlikehald av reinseanlegget.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr 16/17 på følgjande vilkår:

- Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac med etterpolering før det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til elv/bekk på gbnr 17/3.
- Utsleppsløyve vert gitt for 10 pe.
- Anlegget skal plasserast slik vist på kart datert 01.03.2017.
- Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i forskrift om forureining, §§ 12-7 til 12-13.
- Det skal liggja føre serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget før byggjeløyve vert gitt.

- Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
- Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova § 20-1.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/401

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øksnes Anlegg AS

Rundhovde

5281

VALESTRANDSFOSEN

Mottakarar:

Håvard Dyrkolbotn

Stranda 480

5993

OSTEREIDET